

Tollersrud - Thorlæifsrud (gnr. 152)

Thorlæifsrud: Gamal namneform der forleden sikkert er mannsnamnet Torleifr. Skrivemåten især av forleden har vore skiftande og med fleire ulike avvik.

Garden er fleire gonger omhandla i diplom frå 1300-talet. Såleis både i 1336 og 1344. I manntalet for ekstraskatten Gjengjerden 1528 er namnet på brukaren skrive Rande Tollagsrud, som svara den utlikna skatten med eit ½ lod sølv. I Stiftsboka av 1572 er namnet på garden skrive Tallessrudt. Det er da vidare opplyst at garden heilt eller for ein del låg til Faaberrigh Hoffuitt Kiercke, og at garden Tallessrudt "ligger j fierding vejs fraa Faaberg om en kjocker den kunde fange". – I skattelista for Bygningsskatten 1594 er Tollisrud ført i gruppa for "Hallfue gaarde" saman med 44 andre Fåberg-gardar, som alle betalde den utlikna skatten med 30 skilling. I 1604 var utreidsle av tiendekorn 3 ½ tønne, som t.d. for Lunde, Bulung og Traasetter. Seks år seinare er i 1610 brukaren, som altså var bygselbonde for kyrkja, kalla John Thollesrud og han svara leiglendingeskatten av 1610 med 1 dalar. Jon Thollesrud var og brukar der i 1618 og i 1622. Av 1622 er elles ei sak mot Johans Tolesrud, som vart dømt til å betale sin ½ dalar i bot fordi han staur slo Gulbrand Flystad. Det bør da og forteljast at Gulbrand måtte betale ei like stor bot for han "slo Johans i et staurslag". Men i 1628 hadde det vore brukarskifte, og Gulich Tollesrud var vorte bygselbonde av kyrkjegodset for Fåberg-kyrkja. Gulich betalde da halding av bygsla med 5 ort, og det er samtidig opplyst at den årlege landskyld av Tollesrud da var 2 ½ hud. Av det sær gode kjeldeskriftet manntalet for Kvegskatten 1657 går det vidare fram at "Thollersrud" da var vorte delt i to gardar, og at husdyrhaldet hos Gulich var: 2 hopper, 16 naut, 4 geiter, 14 sauer og 1 gris, men hos Joen va husdyrhaldet: 2 hopper, 9 naut og 14 sauer. Samtidig er det og fortalt at Gulich Thollersrud ved sida av å vera bygselbonde for kyrkja og var jordeigande bonde og sjølv åtte jordgods til 3 skinn skyld i bemeldte Thollesrud. – Av Mannkjønnsmanntalet 1665 går det og fram at Gulich med farsnamn heitte Gulich Holmsen, at han da var 80 år og hadde ein son som heitte Holm og var 28 år og soldat. Tilsvarende heitte brukaren Jon med farsnamn Jon Johansen og var 36 år og hadde ein son som heitte Johannes og var 14 år. Vidare var det da på garden ein tenestkar ved namn Oluf Olsen, som var 45 år og hadde vore soldat.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Thollesrud" oppgitt at eigar av garden framleis var "Kierchen", og at Gulich og Joen framleis brukte garden isaman som bygselbønder. Den samla buskap av store husdyr var da 4 hestar og 20 naut, og korntienda vart utreidd med 3 ½ tønner, som altså svara til ei årsavling på 35 tønner. Vidare er det oppgitt at enga, innmarka på garden var god, og at meir kunne dyrkast. Det var heller lite med skog, men "nogedt braatteland, en Hommelhage och Støelen Setter til Sommerbeed". Vidare går det fram at garden hadde eiga kvern, som det vart svara 8 skilling i kverntoll av.

Frå denne tid er det elles fleire rettssaker som gir interessante opplysningar om garden Tollersrud og livet der på slutten av 1600-talet.

Ei sak av 1671-72 har såleis etter utskrift av tingboka denne ordlyden:

"Tollefsrud i Fåberg.

Mellem i Fåberg 6. novb. 1671.

Clement Klokke har innstevnt begge Tollefsruds oppsiddere, Joen og Holm, fordi de vil avstå deres påboende gård. Han lot opptelle 30 rd. for deres første bøkse.

De innstevnte ville betenke sig til næste ting.

Gustum i Fåberg 16. desb. 1672.

Efter forrige statholders res. av 7. april 1624 er grd. Tollersrud av formåls tider utlagt til klokkergård. Grunnen til at klokkeren ikke har tatt den i besiddelse har været at han efter mellem handling har bekommet en annen liten ødegård av Kongens Gods, nemlig Kircherud. Herom begjærte Clement Ellingsen tingsvidne.”

Vidare er 3 saker av år 1685 som etter utskrift av tingboka framsteller sakene slik:

1.

”Mellem i Fåberg 7. mai 1685.

Foged Coldevin har ved lensmannen Clemmed Tollersrud innstevnt Peder Snaghoel for slagsmål mot Ifver Olsen Blegen 5. juledag avvikte år, hvorav mannen 8 dage derefter skal være avgått ved døden.

Saken optages til neste ting.

Rønne i Fåberg 2. sept. 1685.

Avsagt: Da Peder Snaghoel med vidner har bevist at han ikke til nogen skade rørte den avdøde er han for denne post i alle måter frikjendt. Men for hans forøvede slagsmål i juletid bøter han til Kongl.maits. 1 mark sølv.”

2.

”Rønne i Fåberg 2- sept. 1685.

Fhv. klokker, nuværende lensmann i Fåberg, Clemmed Ellingsen Tollersrud, har innstevnt Halvor Hansen Gustum og Peder Snaghoel fordi de tilligemed lensmannen Hans Halvorsen Mellem skal ha frasagt Clemmed hans Klokkerembede i året 1682.

De innstevnte påberopte sig at lensmann Hans Halvorsen efter sognepresten hr. hagens anmodning hadde bedt dem være nær (her er noe borte?) Tollersrud hans Embede og klokkertjeneste.

På Clemmed Tollersruds spørsmål svarte almuen at de intet hadde å si på ham. Herom begjerte Clemmed Tingsvidne.”

3.

”Gustum i Fåberg 27. okt. 1685.

Fogden ved lensmannen Clemmed Tollersrud innbragte for retten Mogens Larsen på grunn av forøvet slagsmål mod Halvor Gustum.

Avsagt: Mons Larsen har uten årsak meget ilde skåret og skamfert Halvor Gustum på begge sider i ansiktet, så at hans liv er i fare. Mogens Larsen Tilfinnes å bøte 2 gange 8 Ørtuger 13 mrk. sølv til Kgl.maits. og likeså meget til Halvor Gustum og desforuten 12 rd. for verk og svie. Da Mogens Larsen er en løs og ledig person som aldeles intet eier og betale med, bør han trelle i jern og fengsel på Aggershus eller Bremmerholm efter øvrighetens bestemmelse.”

Ei sak av 3. febr. 1694 er og eit opplysande tidsbilete som vi her etter utskrift av tingboka tek med:

”Rønne i Fåberg 23. febr. 1694.

Ingeborg Pedersdtr. tilholdende på Tollersrud lader innstevne Torgeir Husmandz Kvinde Marit Nilsdtr. fordi hun ca. 5 uker før jul var kommet inn til henne på Tollersrud og slått henne med et vedtre, spent henne for bringen og kaldt henne løgner m.m. Marit Nilsdtr. vedgår å ha gjort ovenstående fordi Ingeborg Pedersdtr. hadde beløiet henne for oberst Rechvin så at hun måtte forføie sig fra hans hus og ble husvill med mann og barn.

Ingeborg Pedersen lader videre stevne Poul Olsen og Karen Larsdtr. fordi de har ransaget hennes kiste og tatt med sig forskjellige ting.

Oberst Rechvin innleverer sognepresten hr. Even Andersens skrivelse av 3. decb. 1693 om hennes løgnagtige forhold m.v. Videre Oberstens innlegg hvori han tillegger henne å ha begått tyveri og ha været fruktsommelig i hans tjeneste.

Kvinnfolket Ingeborg Pedersdtr. forblir i arrest hos lensmannen.”

Om bygsling av seter handlar ei sak av 1705: Peder Clemetsen Tollersrud og Peder Halvorslien fekk da bevillingsseddel på ei seterlykkje på Støla Seter. – Av 1707 er ei merkeleg sak som er referert slik:

”Lillehammer i Fåberg 23. desb. 1707.

Peder Clemetsen Tollersrud begjærte på Kierstie Sifuersdatters vegne å få tilspørge almuen om de ikke viste at hennes mann, Olle Knudsen som var en Nordfjeldsgut, var rømt fra henne og hadde været borte på niende året.

Almuen oplyste at de gikk til Kongsberg, men hun kom tilbake og har nå på 9. året været i bygden og tjent hos godtfolk, men ham har de ikke sett.”

6. juli 1708 vart ting halde på ”Tollersrud i Faaberg”, og ei av dei saker som der vart pådømt bør og nemnast:

Her Oberst Vind hadde da innstemnt oberst Georg Reichwein for kapital etter utgitt vekselobligasjon på 1000 rd., og domen i saka var sålydande:

”Oberst Reichwein tilfinnes å betale sin veksel med renter og omkostninger til sammen 1065 rd.” Saka har sikkert samanheng med at også høgare offiserar i den tid ofte budde ute i bygdene.

Dei her refererte saker viser tydeleg at Tollersrud tidleg og på fleire måtar var ein sentral gard i Fåberg. Rart var det heller ikkje at det her var planta ein humlehage å ty til når det trongst.

Husmora hadde sikkert røynsle for at både gjester og andre gjerne ville ha øl til maten.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om ”Tollersrud med Bresvold Engeland” fortalt at landskylda av garden framleis var 2 ½ hud, men dessutan åtte oppsittaren lensmann Peder Clemetsen sjølv jordegods til 3 skinn skyld i garden. Buskapen på Tollersrud var da 4 hestar og 1 føl, 18 naut, 15 sauer og 15 geiter, og den årlege utsæd av korn utgjorde kring 7 tønner bygg og 1 skjepp rug. Vidare er det fortalt at garden ligg i sollia, men var da ”noget tungvunden”, elles var jordarten god. Det var skog til brenneved og gjerdefang, seter med ”maadelig hamn” og slåttar til 3 lass høy. Høyavlinga i det heile utgjorde kring 42 lass, og det var framleis eiga kvern og 1 husmannsplass med brukande jord til garden.

Lensmann Peder Clemetsen Tollersrud var gift med Guri Larsdtr. Ovren, og dei hadde fleire born. Det var: a. Jens Pedersen Buvolden f. 1713, b. Clemet, gift med Kari Paulsdtr. Fougner, c. Elling, gift med Marit Torsdtr. D. Lars f. 1721, e. Anne Pedersdtr. f. 1725.

Lensmann Peder Clemetsen var framleis brukar på Tollersrud i 1729. Det vart da ordna slik at han skulle betale årleg til Fåberg-kyrkja 6 rd. meir enn før for bygsla på Tollersrud. To år seinare gav i 1731 Johannes Svendsen Korsrudstuen eit formelt skjøte til Peder Tollersrud på engelandet Bredsvolden i Fåberg av skyld 3 skinn med bygsel.

Om ei sak mellom provsten og lensmannen fortel ei utskrift av tingboka i samantrent form slik:

”Fliflet i Faaberg 22. septb. 1738.

Provsten hr. Phil % Cons. Har innstevnt Peder Clemetsen Tollefsrud og Tord Pedersen Simenrud fordi de ulovlig har stengt og forbygget i elven som rinder igjennem Gausdal og Faaberg, provstens og consortes fiskeri til fortrengsel.

Saken henvistes til aastedet.”

Sju år seinare vart den 14. april 1745 garden Tollersrud av skyld 2 ½ hud seld ved auksjonsskjøte til Lars Pedersen Tollersrud for sum 502 rd. I samband med handelen lånte så kjøparen Lars Pedersen 502 rd. av Fåberg kyrkjekasse mot årleg rente og 1. pr. pant i grd. Tollersrud. Denne obl. vart elles innbetalt alt den 12. april 1749.

Det tilliggande bruket Ødegårdsstuen er omhandla i 1751. Husbonden Lars Pedersen Tollersrud gav da bygselseddel til også ein Lars Pedersen på ”en under hans gård Tollersrud til og underliggende husmandsplads Ødegaard Stuen kaldet mod at svare aarlig husleie 2 rd. og 3 høidage”. – Same året, altså i 1751, lånte Lars Pedersen Tollersrud 250 rd. av Thord Thordsen Bleege mot årleg rente 4% av 1.pr.pant i ”sin eiende og påboende gaard Tollersrud skyldende 2 ½ huder.” Denne obl. vart elles avlyst først 16. februar 1782.

Lars Pedersen Tollersrud f. 1721 hadde i 1747 gifta seg med Ane Pedersdr. Avlund, Gausdal, og dei fekk i sitt ekteskap 4 born. Dei var: 1. Clemet f. 1753, 2. Peder f. 1755, død 1756, 3. Peder f. 1763, 4. Lars f. 1767, død 1769.

Av 16. mars 1754 er eit kjøte til hans eldste bror Jens Pedersen Buvolden på ”2 engeland beliggende under gården Tollersrud nemlig Schravelløchen og Haagenhaugen uden skyld for 30 rd.” Tre år seinare gav Lars Tollersrud kjøte til Lars Tollefsen og arvingar på ”et jordstykke av gården Tollersruds eiendom på Ødegaarden bestaaende i den derværende gamle husmandsplads hvortil legges av ødegaarden et stykke for summ 99 rd. Kjøperen vedtar å svare årlig til hjelp i gårdens skatter ½ ”.

Husbonden Lars Pedersen f. 1721 var framleis eigar og brukar av grd. Tollersrud i 1767. Han hadde da lånt 500 rd. av Simen Olsen Avlund mot årleg rente 4% og 1.pr. pant i Tollersrud framleis av skyld 2 huder 6 skinn. Men 5 år seinare gav i 1772 Lars Tollersrud forpakkingskontrakt til Anders og Niels Engebretssønner Ellingsberg ”paa saadan Maade: at han til den bortforpakter sin eiende gaard Tollersrud av skyld 2 huder 9 skind mod at disse i aarlig og rette tid erlegger de av gaarden gaaende kongl. skatter samt tolde og tiende og desforuten til Lars Pedersen betaler ham i aarlig avgift 30 rd. og leverer ham årlig av laaven 12 td. godt korn, samt fødsel for 3 kjær 5 sauer og 1 hest. Man forbeholder sig pladsen Knipen mot derfor at svare til brugeren av gaarden 3 rd. aarlig samt et maal aker kaldet Stubrudageren.”

Etter atter 3 år gav i 1775 elles Lars Tollersrud f. 1721 kjøte til Peder Simensen Avlund på grd. ”Tollersrud av skyld med underliggende Bersvolden 2 huder 9 skind undtagen pladsen Knipen et engestykke i akerjordet for sum 1999 rd.”

Peder Simensen Avlund f. 1744 som dermed tok over som eigar og brukar av Tollersrud, var gift med Sessel Gutormsdr. Berge f. 1746, og dei fekk i sitt ekteskap 4 born. Dei var: 1. Gjertrud f. 1775, gift 1800 med Tore Jensen Arlien, 2. Simen f. 1777, 3. Hans Avlund f. 1780, 4. Berte f. 1783.

Seks år etter at Peder Simensen Avlund kjøpte Tollersrud fekk han i 1781 tilleggsskjøte av gamle Lars Tollersrud på ”pladsen Tollersrud Ødegaarden (som forhen har underligget gaarden Tollersrud) for sum 261 rd.” Men i 1790 var unge husbonden Peder Simensen Tollersrud alt død, og det var da samfrendeskifte etter han. Enka Sessel Gutormsdr. F. 1746 gifta seg så oppatt med Tore Hansen f. 1762, som i 1823 døde på Alfsberg.

Ved ein handel i 1798 gav ellers Lars Pedersen Knipen kjøte til sonen sin, Lars Larssen, på plassen Knipen under Tollersrud for kjøpesum 199 rd.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 7 familiar på og/eller ved Tollersrud. Dei var:

1. familie: 1. Thore Hansen, husbonden, 39 år, 2. Sessel Gutormsdr., kona hans, 53 år, 3. Simen Pedersen, son til kona, 23 år, 4. Hans Pedersen, son til kona, 21 år, 5. Christen Larsen, tenestkar, 17 år. 6. Ingeborg Olsdr., tenestkvinne, 22 år, 7. Rønnaug Knudsdr., tenestkvinne, 17 år. 8. Mari Pedersdr., legdslem, 88 år.

2. familie: 1. Peder Leuch Tandberg, Ritmester og Cheff for det Nordre hedemarkiske Dragon-Compagnie, 54 år, 2. Elisabeth f. Knoph, kona hans, 36 år, 3. Berthe Erichsdr., tenestkvinne, 18 år.
3. familie: 1. Lars Larsen, husmann med jord, 32 år, 2. Anne, kona hans, 26 år, 3. Jon Larsen, son deres, 1 år.
4. familie: 1. Erich Christensen, husmann med jord, 39 år, 2. Anne Halvorsdr., kona hans, 39 år, 3. Marit Erichsdr., dotter deres, 12 år, 4. Anne Lisbeth, dotter, 8 år, 5. Kjersti, dotter, 6 år, 6. Berthe, dotter deres, 3 år, 7. Christen Erichsen, far til mannen, ”Inderste og nyder tillægg af Sognet.”
5. familie: 1. Ole Madsen, husmann med jord, 2. Sigrid Larsdr. kona hans, 55 år, 3. Martha Olsdr., dotter deres, 12 år.
6. familie: 1. Lars Arnesen, husmann med jord, 53 år, 2. Anne Iversdr., kona hans, 47 år, 3. Sigrid, dotter deres, 12 år, 4. Anne, dotter, 9 år, 5. Ingeborg, dotter, 5 år.
7. familie: 1. Lars Pedersen, føderådsmann, 81 år.

To år seinare gav i 1803 husbonden Thore Hansen skjøte til odelsarvingen Simen Pedersen Tollersrud på ættegarden Tollersrud ”med underliggende Børsvolden av skyld 2 huder 7 skind for 1199 rd. og føderåd.

Simen Pedersen Tollersrud f. 1777, som i 1803 tok over som husbond på garden, hadde i 1802 gifta seg med Marte Hansdr. Urlien, og dei fekk i sitt ekteskap 10 born: 1. Peder f. 1802, gift 1837 med Karen Olsdr. Mælum, 2. Sessel f. 1804, gift 1828 med Kristofer Kristensen Syverud, Bleken, 3. Hans 1806, død 1809, 4. Simen f. 1808, gift 1847 med enke Eline Skjeggestad, 5. Hans f. 1810, gift 1847 med Matea Kristensdr. Mitjørstad, 6. Berte f. 1812, gift 1831 med Erland O. Mitjørstad, 7. Tore f. 1814, 8. Kari (Karen) f. 1817, gift 1840 med Gudbrand Pedersen Fonstad, 9. Anne f. 1819, gift 1846 med Ole Pedersen Simenrud, 10. Ole f. 1822, gift 1853 med Ingrid Pedersdr. Håvardslie.

Bruket Knipen er atter omhandla i 1808. Lars Larsen Knipen gav da skjøte på bruket til Simen Pedersen Tollersrud for 830 rd., og samtidig fekk så Lars Larsen Knipen skjøte på gardsbruket Veiverud.

Litt meir om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om ”Thollersrud” oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var 5 hestar og 30 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 90 tønner. Det er vidare oppgitt av Tollersrud da hadde 3 husmannsplassar med brukande jord.

20. januar 1825 var husbonden Simen Pedersen Tollersrud død, og det var arveskifte etter han på ”Tollersrud i Faaberg”. Ved dette skiftet vart grd. Tollersrud taksert for 2000 spd. og skiftebuet utgjorde brutto 3498 rd. og netto 3286 rd. Arvingane ved skiftet var dei 9 borna som framleis var i live, og samtidig gav og skifteforvaltaren skjøte til odelsarvingen Peder Simensen på ættegarden Tollersrud for kjøpesum 2000 spd. I samband med handelen gav så kjøparen obligasjonar på til saman ca. 1640 spd. til søskena sine.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 vart den gamle landskylda i huder og skinn skifte ut i ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. ”Thollefsrud” fekk da som si nye matrikkelskyld: 14 skylddalar 1 ort 3 skilling, og det var i 1838 framleis Peder Simensen som var eigar og brukar av Tollersrud.

Husmannsplassen Tollersrudsveen er omhandla i 1854. Husbonden Peder Simensen gav da husmannskontrakt utferdiga ”in duplo” til Peder Larsen på ”Pladsen Tollerudsveen”.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det om Tollersrud oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 453 mål, og av dette var 177 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det oppgitt at husdyrhaldet på sjølve garden Tollersrud da var: 5 hestar, 20 storfe og 28 småfe, men dertil var det på husmannsplassane under garden til saman: 7 storfe og 7 småfe. Først på same måten var utsæden det året på sjølve Tollersrud

gard: 17 ¼ tønne korn og 10 tønner settepoteter; men dertil var det sådd og sett på husmannsplassane under garden: 3 ½ tønne korn og 4 tønner poteter.

Tre år seinare var det i 1868 utskifting av skog i Stølsmarken; og av 17. okt. 1876 er ei overenskomst om eigedomstilhøva mellom Tollersrud og "Bruvolden".

Husbonden Peder Simensen f. 1802, brukte Tollersrud til i 1880, da han skjøta garden over til sonen Simen Pedersen for kjøpesum kr. 8000,- og eit føderåd av 5-årleg verdi kr. 2000,-.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre. Tollersrud i Fåberg fekk som sitt nye gardsnr. nr. 152 av samla skyld 22.98 mark, og det var da blitt 2 bruksnr. under gardsnr. 152 Tollersrud. Det var a. Grn. 152, brn. 1 Tollersrud av skyld 22,52 mark, b. grn. 152 brn. 2 Stutshoved søndre av skyld 0,46 mark. Eigar og brukar av baa bruksnummer var i den tid Simen Pedersen Tollersrud.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var da skjedd dei skifte at eit bruksnr. 3 Lund av skyld 0,11 mark var overtatt av Johannes Iversen. – Etter dette budde det ved kommunevalet i 1907

elleve personar med røysterett på og/eller ved Tollersrud. Dei var: 1. gardbr. Simen P.

Tollersrud, 67 år, 2. husmor Karen Kr. Tollersrud, 3. løytnant Peder S. Tollersrud, 25 år, 4. føderådskone Karen O. Tollersrud, 89 år, 5. rentenist Karen O. Tollersrud, 59 år, 6. tenestkar Laurits Larsen, 33 år, 7. husmann Lars Olsen Sveen, 68 år, 8. husmann Andreas Andreassen, 62 år, 9. husmann Simen Ødegårdsstuen, 69 år, 10. smed Simen Olsen, 52 år, 11- husmann Kristian Klokkerbakken, 72 år. Dessutan budde desse 3 personane med røysterett på Lund: 1. huseier Johannes Evensen Lund, 39 år, 2. husmor Tora Pedersdtr. Lund, 29 år, 3. handelsbetjent Ingvald Stuxrud, 29 år.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det da under gnr. 152 tre bruk med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei 3 bruk var: 1. grn. 152, brn. 1 og 2 Tollersrud med eit jordbruksareal på ca. 320 dekar, som Per Tollersrud var eigar og brukar av, b. brn. 1 Ødegårdsstuen, jordbruksareal ca. 20 dekar som Per Tollersrud var eigar og Kristian Ødegårdsstuen brukar av, ca. brn. 1 Tollersrudhaugen, jordbruksareal ca. 20 mål, som per Tollersrud var eigar og Jørgen Jakobsen var brukar av.